

■ Referat frå drøftingsmøte mellom rektor og organisasjonane med heimel i Hovudavtalen Del B, § 3 ved Haram vgs.



Møre og Romsdal fylkeskommune

Sakliste: 1/2018-2019

Til stades:

Frå organisasjonane:

Organisasjon:.....	Namn:.....
Utdanningsforbundet	Solveig Beadle
NITO	Torbjørn Volstad
Lektorlaget	Terje Pettersen

Frå arbeidsgjevar:

Rolle:.....	Namn:.....
Rektor	Jan Magne Helland
Ass.rektor	Håvard Garshol

Kopi av referat skal **straks** leggjast ut på nettsida til skolen under OD-møter: <http://mrfylke.no/Intranett/Arbeidsgivar-HR/Arbeidsgivarpolitikk/Medraaderett/Droeftingsmoeter-utdanning/Lokale-OD-referat>

Stad og tid:

Brattvåg, 11.09.2018 Stad: Rom 178

Referent:

Neste møte:

Dato: 16.10.18

Stad: Haram vgs.

Sakliste

Sak 1/18-19: Stillingsplan-personalbehov

Haram vidaregåande skule innstilte kvalifisert søker som takka nei til tilbod om 100 % stilling i august, i tillegg har vi fått fleire svangerskapspermisjonar i løpet av skuleåret 2018/2019. Stillingsbehovet prøver vi å løyse med utlysing av 150 % stilling og lærarar som kjem tilbake frå permisjon. Vi må i periodar av året bruke ein del overtid for å kunne fylle stillingsbehovet.

Sak 2/18-19: Gjennomgang Aktivitetsplanen

Dette er eit godt reiskap der vi legg inn komande aktivitetar/endingar så snart vi har oversyn.

Sak 3/18-19: Evaluering av studiedagane/oppstart i august.

UF ønskjer meir konkret informasjon inn mot fag og skulekvardagen og mindre generell informasjon. Dette gjeld både for fagdagane og det som skjer på skulen. NITO og NL gir uttrykk for at fagdagane hadde eit godt innhald. Leiinga viser til at ein prøver å gi nødvendig og relevant informasjon, sjølv om enkelte opplever at dette kan vere generelt og uinteressant. Det vert og gitt uttrykk for ønske om meir tid til seksjonsarbeid og fagleg fordjuping.

Sak 4/18-19 Økonomi – prognosert underskot for 2018

Skulen tok med eit underskot på 495.000 frå 2017. Samla underskot per 31.08.2018 er på 903.000 for skuleramma, trekk ein frå underskotet frå i fjor, så vert driftsresultatet så langt på vel 400.000. Skulen fekk ein kraftig reduksjon i budsjettet for 2018, slik at underskotet kunne vore mykje større om vi ikkje hadde gjort grep. I tillegg har vi underskot til spesialundervisning, ettersom vi får tildelt større oppgaver enn det budsjettet gir rom for. Om vi ikkje får betre budsjetttrammer må vi redusere kostnadene og prioritere: Unngå under-/overtid, kostnader knytt til internasjonalisering, endring i tilbodsstrukturen (halvklassar 2HO/TAF), smalare fagtilbod, eventuelt andre kostnadsreducerande tiltak.

Haram vidaregåande skule har opparbeid ein god tilbodsstruktur, og budsjettsprekken kjem som eit resultat av reduserte budsjetttrammer i og etter 2014. Det kan verke lett å redusere kostnadene på papiret, men dette vil kunne få konsekvensar om elevane opplever at kvaliteten og omfanget på tilbodet vert dårlegare, slik dei vel andre alternativ, som igjen fører til nedlegging av klassar og overtal.

Sak 5/18-19: IKT-plan.

Vi skal i haust jobbe med «Digital dømmekraft» og Its Learning. Dette vart informert og gjennomgått ved skulestart. UF foreslår å ha dette som tema på personalseminaret på fredag 26.10, samt jamt ut gjennom året (for eksempel i 9. time enkelte måndagar). Ein ønskjer å sikre at alle heng med og gjer det som er pålagt. Tilslutning til dette.

Sak 6/18-19: Rekruttering/marknadsføring – spesielt Vg1 TIP/Vg2 IND/2ST Skottland/2HO

Vi bør bruke dei arenaene vi kan til marknadsføring og å gjere tilboda våre kjent. Skuleeigar ber oss om å vurdere å velje mellom Helsefagsarbeidar og Barn- og ungdomsarbeidar på Vg2, slik vi unngår forslag om nedlegging av begge. Vidare vert det peika på at Kulde- og varmpumpeteknikk er for lite kjent utover vårt eige inntaksområde. Avdelingsleiar EL, TIP og TAF arbeider allereie med denne saka, og vil løfte fram dette tilbodet mellom anna under Utdanningsval no i haust. Elles vert Skottland nemnd, der jobben som både Haram vidaregåande skule og skulane i Skottland gjer får gode tilbakemeldingar, men det lagast eit betre system for å få nok gode elevheimar. Det er 3 skular som skal samarbeide her, og vi må få til ein avtale, slik at alle 3 skulane hjelper til her, slik dei har gitt uttrykk for at dei ønskjer.

Sak 7/18-19: Tema personalseminar: *Kollegialt samarbeid som gir større læringsutbytte for elevane.*

Det ser ut til at vi brukar alle rom på hotellet, og at vi lukkast i å få heile personalet med. Laurdagen vert programmet styrt av kurshaldar Erlend Dehlin. Programmet vert avslutta seinast 15:00. Fredagen legg vi opp til litt fagleg fellestid med, sosialt samvær, elles opplevingar og felles middag ca. 20:00.

Sak 8/18-19: Skjema for oversikt over arbeidstida – Bruk av fellestid.

Lærarane har lagt inn prioriterte arbeidsoppgåver dei skal jobbe med i tillegg til prioriterte oppgåvene lagt inn av skuleleiinga. I tillegg ein oversikt over den bundne tida. Avdelingsleiarane i samarbeid med lærarane vil finne rom for felles samarbeidstid, eventuelt justering av den bundne tida.

Sak 9/18-19: Fastsetting av møtedagar.

Forslag til møtedatoar: Tysdag 16.10. tysdag 13.11. og tysdag 11.12. kl. 09:40 alle dagar. Dersom omlegging av timeplanen medfører kollisjonar finn vi eit nytt tidspunkt.

Sak 10/18-19: Endring av info. tidspunkt og basistid (frå UF)

Rektor gir i hovudsak informasjon om kva som skal skje i nær framtid i informasjonskvarteret i matpausen. Det vert gitt moglegheit å stille spørsmål og kome med innspel, men i utgangspunktet er det ikkje lagt opp til dette. Kontaktlærarane tar med informasjon ut til elevane i sine basisgrupper, der dei mellom anna formidlar og drøfter sakene med sine elevar. UF ønskjer ein arena for meir tovegs kommunikasjon, der ein kunne drøfte sakene plenum for eksempel i 9. time på måndagar.

Leiinga ser poenget med at kontaktlærarane har behov for å sette seg meir inn i ein del saker før dei skal informere elevane, og foreslår å prøve ei endring her. Informasjon frå leiargruppa vert lagt ut digitalt på fredagar etter leiarmøtet. Informasjonskvarteret går som før på måndagar, men vi kan eventuelt flytte basistida til tysdagar om dette er ønskeleg og praktisk mogleg å få til.

Leiinga er skeptisk til å bruke 9. time på måndagar til «drøftingstid» med heile det pedagogiske personalet (minner mykje om lærarrådet frå tidlegare tider). Vi ønskjer å nytte 9. time måndag og onsdag til fagleg og elevretta samarbeid. Tar ein 9. time på måndag til å diskutere saker, treng ein enda ein 9. time t.d. på tysdagar til fellestid. Vi ønskjer eit tettare samarbeid med organisasjonane, og å ta drøftingane i OD-møta. Dei planlagde møta eller at ein kallar inn til møte ved behov.

Vi ser og verdien for å ha felles møte med heile personalet for mellom anna å bygge felles identitet og å dele informasjon og synspunkt. Vi bør kunne få til min 2 slike samlingar per halvår.

UF ønskjer at det vert lagt fram referat frå leiarmøta, t.d. at det vert slått opp på personalrommet. Det er ein ting vi kan få til, eventuelt av vi legg det ut digitalt.

Ber om tilbakemelding om det er ting de vil ha endra før det vert lagt ut

Brattvåg 11. september 2018

Jan Magne Helland